

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2022
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:

SAKA GJELD: Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 24/22

STYREMØTE: 29.09.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF.

Oppsummering

I møte 17.03.2022 slutta styret i Sjukehusapoteka Vest HF seg til oppretting av Brukarutval i Sjukehusapoteka. Administrasjonen har utarbeid Retningslinje for Brukarutvalet basert på «Veileder for brukarmedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten» i Helse Vest. I retningslinje for Sjukehusapoteka Vest er bl.a. nedfelt at Brukarutvalet skal ha 5 medlemmer og 4 varamedlemmer. Brukarutvala i sjukehusføretaka sender inn forslag til medlemmer. Styret oppnemner medlemmene etter framlegg frå administrerende direktør. Medlemmer blir nominert med bakgrunn i erfaring, kompetanse, nettverk, verv og organisasjonstilknytting.

Fakta

Ein viser til styresak 04/22 av 17.03.2022 med vedtak der styret tilrår oppretting av brukarutval i Sjukehusapoteka Vest. Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF er utarbeid på grunnlag av «Veileder for brukarmedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten» i Helse Vest, frå 2018. Brukarmedverknad er og lovfesta i Pasient- og brukarrettingsheitslova og i Helseføretakslova

I framlegg til retningslinje er det bl.a. nedfelt:

- At brukarutvalet skal ha 5 medlemmer, og 4 varamedlemmer
- At oppnemning av medlemmer skal basere seg på innsende forslag frå brukarutvala i dei regionale helseføretaka
- Styret oppnemner medlemmene etter framlegg frå administrerende direktør
- Brukarutvalet si rolle, og formål
 - Rådgivande organ
 - Eit organ for samhandling med helseføretaka, brukarorganisasjonar og brukarutval
 - Arbeida for brukarorienterte helsetenester av høg kvalitet, med eit heilskapleg pasientforløp
 - Bidra til god medverknad frå brukarane og å nytta brukarkompetansen
- Oppgåver og organsiering av arbeidet
 - Fremje saker som er viktig for brukaren
 - Årsplan og årsrapport
 - Halde møter
- Vedlegg
 - Økonomi/godtgjersle
 - Teieplikt

Kommentar

Når Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF er godkjent av styret, vil neste steg bli å be om forslag frå brukarutvala i sjukehusføretaka om nokre (4-5) kandidatar som kan gå inn i Brukarutvalet i Sjukehusapoteka. Administerande direktør vil leggje fram forslag til samansetjing for styret til neste møte; 08.12.2022.

Medlemmer blir nominert med bakgrunn i erfaring, kompetanse, nettverk, verv og organisasjonstilknytting.

Vedlegg:

Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF